



Rapport frå inspeksjon ved Grieg Seafood Rogaland på lokaliteten Dyrholmen 28.06.2011.

Tema for kontrollen:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart funne avvik innanfor alle dei kontrollerte tema.

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik under 5 som vart funne ved denne inspeksjonen. Tilbakemelding på desse avvik må vere grundig. Dersom tilbakemeldinga ikkje er tilstrekkeleg, kan fylkesmannen sette opp ny kontroll.

Det vart ikkje gitt merknader.

Oppfølging

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan 4 veker etter at rapporten er motteke.

Verksemda skal betale eit kontrollgebyr på kr. 4 400,-.

Frist for retting av avvika er sett til 1. oktober 2011.

Vi takker elles for god mottaking og samarbeid på kontrolldagen.

Om kontrollen

Vi varsla kontrollen pr brev og i e-post den 23 mai, og bad dykk om å sende inn grunnlagsdokumentasjon knytt til kontrolltema på førehand (sjå dokumentliste lengst bak).

Kontrollen omfatta gjennomgang av dokument, intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og synfaring på lokaliteten.

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart funne innanfor dei kontrollerte tema. Han gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatusen på lokaliteten.

Ansvarleg verksemd

Namn: Grieg Seafood Rogaland AS (GSFR)	Organisasjonsnr. (undereining/ bedriftsnr.): 972079561
Besøksadresse: Helgøysund	Eigd av (org.nr./føretaksnr.):
Postadresse: 4174 Helgøysund	Telefon: 51 71 40 08
E-post: helge.eriksen@griegseafood.no	Bransjenr. (NACE-kode): 110.18.00

Kontrollert anlegg

Namn: Dyrholmen Akva	Anleggsnr.: 1141.0059.01
Kommune: Finnøy	Anleggsaktivitet: Akvakultur, prod. av matfisk
Lokalitetsnr.: 1141.0059	Risikoklasse: 4
Løyve sist oppdatert: 25.06.2008	Løyvenr.: 2007.329.T

Til stades under kontrollen:

Frå verksemda: Helge Eriksen, Kvalitetsansvarlig (GSFR) Kjetil Ørnes, Produksjonssjef (GSFR)	Frå Fylkesmannen: Margareta Skog Kjetil Stensland, Kontrollansvarleg
--	--

Definisjonar

Avvik: Brot på krav fastsett i eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga. Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter heimla i ureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som er strengare enn lovkrava, kan til dømes verte omtala som merknad.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Rogaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/rogaland>.

Regelverk

Vi har ført tilsyn etter følgjande regelverk:

- *Lov om forureining og om avfall (ureiningslova)*, av 13. mars 1981, med seinare endringar.
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)*, Kapittel 11, av 1. juni 2004.
- *Forskrift om systematisk helse, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)*, av 6. desember 1996, med seinare endringar.
- Utsleppsløyve: *Utsleppsløyve for matfiskanlegg lokalitet Dyrholmen*, datert 19. mars 2007.
- Dokumentasjon som verksemda la fram under inspeksjonen

Avvik

1. Miljømål

<input checked="" type="checkbox"/>	1a	Det er ikkje sett miljømål for anlegget for kva som er akseptabel forureining og påverking av resipienten.	IK§5 punkt 4
<input type="checkbox"/>	1b	Leiinga har ikkje evaluert om verksemda sine miljømål om ikkje å forureine resipienten på ein uakseptabel måte er nådd.	IK§5 punkt 8
<input type="checkbox"/>	1c	Miljømåla er ikkje gjort kjent for dei tilsette i verksemda.	IK§5 punkt 2 og 3

Kommentarar:

Internkontrollarbeidet i Grieg Seafood Rogaland AS går føre seg på mange nivå i organisasjonen, og det finst mange dokument med delvis same tema. Det er viktig at overordna mål som er sett på konsern- og regionnivå vert konkretisert og godt kommunisert ned til det enkelte anlegg. Måloppnåing for ytre miljø for kvart anlegg kan berre vurderast dersom ein har sett seg meir konkrete mål knytt til ureining og resipienttilhøve for det einskilde anlegget.

Verksemda har ikkje sett eigne miljømål for lokaliteten Dyrholmen. Det er sett generelle mål for mellom anna fôrfaktor og 0-utslipp for alle lokalitetane til Grieg Seafood Rogaland AS, men dei er ikkje anleggspesifisert. Miljømåla skal være skriftelige og nedfelt i internkontrollen til anlegget.

Til 1a)

Anlegget skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten for drift av anlegget. Ut frå dette skal verksemda setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødige forureining av det ytre miljø. Desse måla skal vere knytt til det spesifikke anlegget (lokalitet) og dei skal vere konkrete og dokumenterte slik at måloppnåing kan vurderast.

2. Miljørisikovurderingar

<input type="checkbox"/>	2a	Det er ikkje utført miljørisikovurderingar for å førebyggje at anlegget gir uakseptabel forureining av resipienten.	IK§5 punkt 6
<input checked="" type="checkbox"/>	2b	Verksemda sine risikovurderingar av forureiningsfare og effektar av kjemikaliebruk i resipienten er ikkje konkrete, dokumenterte og / eller anleggs- / lokalitetsspesifikke.	IK§5 punkt 6
<input checked="" type="checkbox"/>	2c	Verksemda har i si risikovurdering ikkje sett kriterium for kva som er akseptabel forureining frå verksemda for å sikre ein tilfredsstillande tilstand i resipienten.	IK§5 punkt 6
<input checked="" type="checkbox"/>	2d	Tilrådingar og konklusjonar i risikovurderinga er ikkje følgt opp og lukka og/eller det er ikkje laga ein tidsfesta handlingsplan for oppfølginga.	IK§5 punkt 6
<input type="checkbox"/>	2e	Verksemda si risikovurdering er ikkje oppdatert.	IK§5 punkt 6, 7 og 8
<input type="checkbox"/>	2f	Verksemda har ikkje ein beredskapsplan som omtalar dei hendingane som er omtala i risikovurderinga for ytre miljø, til dømes massedaud, akutte utslipp av diesel/olje og andre kjemikal.	IK§5 punkt 8
<input type="checkbox"/>	2g	Verksemda har ikkje ei prosedyre for sitt arbeid med risikovurderingar.	IK§5 punkt 6 og 8
<input checked="" type="checkbox"/>	2h	Verksemda manglar dokumentert rutine for substitusjon av lusemidla og andre kjemikal/legemiddel.	PK 3a, IK§5 punkt 7

Kommentarar:

Verksemda sin risikovurdering er særskild mangelfull. Mellom anna er ikkje miljøgifter, kjemikalieforbruk eller lusemiddel tatt med i risikovurderinga. Verksemda har en beredskapsplan, men til dømes er ikkje akutte utslipp av diesel/olje og andre kjemikalier teke med. Vidare er ikkje beredskapsplanen følgt opp med handlingsplan som vis kven som har ansvar for å gjennomføra tiltaka. Dessutan manglar tidsfrist for gjennomføringa av tiltaka.

Anlegget skal ha ei meining om kor mykje deira resipient toler i forhold til den aktivitet som er på anlegget til ein kvar tid. Her skal det tydeleg komma frem kor grensa for drifta går i forhold til resipientpåverknad.

Til 2b)

Miljørisikovurderinga skal vere knytt til det spesifikke anlegget (lokaliteten) for å kunne gje ein totalvurdering av faktisk fare for forureining og effekt av anlegget sin kjemikaliebruk i resipienten. Dette skal vere dokumenterte.

Til 2c)

For å kunne vurdere risikobildet er det avgjerande at verksemda har sett konkrete kriterium for kva de ser som akseptabel forureining i høve til gjeldande regelverk, eigne miljømål og for å sikre ein tilfredsstillande tilstand i resipienten.

Til 2d)

Miljørisikovurderinga skal ha tilrådingar/ konklusjonar på tiltak som kan utbetrast for å redusere forureiningsfare. Desse tiltaka skal vere knytt til ein tidsfesta handlingsplan.

Til 2h)

Verksemda skal risikovurdere sine kjemikalium, inkludert legemidlar og lusemidlar med tanke på substitusjon til meir miljøvenlege/ mindre helseskadelege alternativ. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ.

3. Resipientgranskingar

<input checked="" type="checkbox"/>	3a	Verksemda har ikkje tilstrekkeleg kunnskap/oversikt over korleis den påverkar resipienten.	IK§5 punkt 6
<input checked="" type="checkbox"/>	3b	Det er ikkje utført tilfredsstillande miljøgransking som viser korleis oppdrettsanlegget påverkar tilstanden i resipienten.	IK§5 punkt 6
<input checked="" type="checkbox"/>	3c	Verksemda har ikkje rutine for å vurdere om motteken dokumentasjon for resipienttilstand held tilstrekkeleg kvalitetsnivå (kvaliteten på MOM B/C).	IK§5 punkt 7
<input checked="" type="checkbox"/>	3d	Verksemda har ingen rutine for å vurdere om det er behov for resipientgranskingar.	IK§5 punkt 7

Kommentarar:

Verksemda må vurdere resipient granskingane og ha ein samla skriftleg oversikt som beskriv anleggets resipient og påverknad. Verksemda må kunne vurdere kvaliteten av ein resipient gransking, og laga tiltaksplan som sikrar miljøforholda på lokaliteten. Denne tiltaksplanen skal også innhalda behov for ytterligare resipientgranskingar.

3a)

Det er viktig at verksemda kan vurdere om anlegget utgjer ein akseptabel miljørisiko for resipienten. Verksemda skal ha nødvendig kunnskap og dokumentasjon om tilhøva i resipienten, (tersklar, strømtilhøve, utskifting av vatn etc.), tilstand i resipienten og om faktisk og potensiell forureining som er tilført anlegget, samanlikna med effekten av denne i resipienten. Dette gjeld også uhell som kan føre til forureining. Verksemda skal ha satt i verk prøvetaking/overvaking for å kontrollere korleis drifta av anlegget påverkar resipienten. Frekvens for overvaking og prøvetaking må vere i tråd med dei utfordringane lokaliteten har med resipient og miljø.

Til 3b og 3c

Det viktigaste spørsmålet som rapportar og resultat frå undersøkingar og overvaking skal svare på, er om påverknaden frå anlegget er så liten at resipienten tåler den. Dette krev at overvakinga dekkjer det som er nødvendig å overvake, at overvaking vert gjort til rett tid, og at overvakinga held god kvalitet.

3b)

Alle nødvendige granskingar skal vere gjennomført, ikkje berre MOM B/C, men også andre granskingar som trengs for å ha kontroll med den totale påverknaden frå anlegget i resipienten. Dette kan til dømes vere undersøking om miljøgifter. Det er også viktig at resipientgranskingane ikkje er for gamle, og at nye granskingar vert gjennomført ved driftsendringar som kan påverke resipienten.

3c)

Verksemda må vurdere om resipientgranskingane er gode nok for å få nok informasjon om tilstanden i resipienten. Dei skriftlege rutinane bør innehalde spesifikke krav til kva for informasjon rapportane skal ha. Verksemda må kvalitetssikre at standarden for MOM-rapportane er følgt.

3d)

Verksemda har ikkje sett kriterium for når/om det er trong for resipientgranskingar. Skriftlege rutinar skal innehalde kva for endringar ved anlegget eller ytre faktorar, som fører til endring av skadeverknad i resipienten og dermed endring av status. Kriteria skal vere dokumentert i verksemda sin internkontroll.

4. Leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø

<input checked="" type="checkbox"/>	4a	Internkontroll-/HMS-arbeidet for ytre miljø er ikkje etterspurt av leiinga.	IK§ 4
<input checked="" type="checkbox"/>	4b	Verksemda har ikkje gjort ei dokumentert vurdering om anlegget sin påverknad på resipienten er akseptabel eller ikkje.	IK§§ 4 og 5 punkt 8

Kommentarar:

Verksemda skal kunne dokumentera gjennom referat, at leiinga etterspør forhold som påverkar ytre miljø. Leiingas gjennomgang skal innhalda status miljømål, resultat frå resipient overvakinga og eventuelle tiltak.

Til 4a)

Den som er ansvarleg pliktar å sjå til at internkontrollen vert kontrollert og gjennomgått for å sikre at han fungerer som forventa. I dette ligg at ein har plikt til å vurdere internkontrollen kontinuerleg for å fange opp manglar. Referat frå leiinga sin oppsummering, eller andre møtefora der miljøarbeidet vert summert opp av leiinga, skal innehalde punkt om tilhøve som påverkar ytre miljø som til dømes miljørisiko, resipientpåkjenning og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr etc.

Til 4b)

Verksemda skal sjå til at ein dokumentert vurdering av status for korleis anlegget påverkar resipienten vert gjennomført. Dette er viktig for å sikre at belastninga er akseptabel, i tråd med regelverk og med verksemda sine eigne kriteri for kva som skal godtas.

5. Drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget

Drift			
<input type="checkbox"/>	5a	Fôringsrutinar er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5b	Rutine for <u>dødfiskhandtering</u> er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5 punkt 7
<input checked="" type="checkbox"/>	5c	Rutine for <u>overvaking av botnen under merdane</u> er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5d	Rutine for <u>kjemikal/legemidla</u> er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.	IK§5punkt 7
<input type="checkbox"/>	5e	Verksemda sin rutine for avfallshandtering og lagring av farleg avfall er mangelfull.	IK§5 punkt 7, avfallsforskrifta kap.11
<input type="checkbox"/>	5f	<i>Rutine for <u>reinseanlegg (setjefiskanlegg)</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.</i>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5g	<i>Rutine for <u>utsleppskontroll (setjefiskanlegg)</u> er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll.</i>	IK§5 punkt 7

Kommentarar:

Viktige rutinar og praksis som skal være skrifteleg og nedfelt i internkontrollen.

Til 5c)

Viktige driftsrutinar for drift som kan påverke ytre miljø, her resipienttilstand, skal vere dokumentert og inngå i internkontrollen.

Førebyggjande vedlikehald			
<input checked="" type="checkbox"/>	5h	Det er ikkje dokumentert rutine/system for periodisk/førebyggjande vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr.	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5i	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>dieseltankar eller andre tankanlegg, inkludert slargar/røyrssystem og anna tilhøyrande utstyr.</u>	IK§5 punkt 7
<input checked="" type="checkbox"/>	5j	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>føringssystem/utstyr inkludert slargar og anna tilhøvrande utstyr.</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5k	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>utstyr/system for opptak og handtering/mellomlagring av død fisk.</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5l	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>utsleppsrelaterte alarmer eller anna overvakingsutstyr (t.d. funksjonstesting av slikt utstyr)</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5m	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr:	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5n	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>reinseanlegg (setjefiskanlegg)</u>	IK§5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5o	Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: <u>slamtankar (setjefiskanlegg)</u>	IK 5 punkt 7
<input type="checkbox"/>	5p	Verksemda har ikkje etablert kriterium for kva som er tilfredstillande tilstand på utsleppsrelatert utstyr.	IK§5 punkt 6

Kommentarar:

Verksemda kunne ikkje visa til tilstandskontroll for fôrsystem med fôrslangar.

Til 5h)

Verksemda skal gjennomføre tilstandskontroll (inspeksjon) av utsleppsrelatert utstyr, slik at den tekniske tilstanden på utstyret heile tida er kjent. Rapportar frå tilstandskontrollen skal innehalde konklusjonar og tilråding om tiltak for utbetringar. Tilrådingane skal vere følgt opp med tiltak innan rimeleg tid. Døme på utsleppsrelatert utstyr er:

- fôringsanlegg, fôrslangar
- fôrlager
- system for å avslutte fôring til rett tid, for eksempel kameraovervaking
- oppsamlingsarrangement for død fisk
- ensileringstank
- dieseltankar
- overfyllingsvern
- koplingar og røyr
- nøter impregnert med stoff som er miljøskadeleg
- notspylingsutstyr
- kjemikalielager og lager for farleg avfall
- mm.

Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader.

Dokumentunderlag:

- Eit oversikts-/områdekart over oppdrettsanlegget som viser kvar anlegget sine ulike utstyrsinstallasjonar er, m.a. tankar (diesel, ensilasje, slam etc.)
- Internkontrollsystemet i ein kort, overordna omtale og/eller innhaldsliste
- Oversikt over kjemikaliebruk, type kjemikal og forbruk per år siste 3-5 år (m.a. lakselusmidla, jf. dei "nye" midlane som einskilde anlegg no ønskjer å nytte)
- Ein kort overordna omtale av rutinar for vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr
- Rapportar/dokumentasjon frå vedlikehald/tilstandskontrollar av tankar og røyr (diesel-, ensilasje- og slamtankar etc.)
- Oversikt over eventuelle utsleppshendingar på anlegget siste 3-5 år, inkl. hendingar som kunne ha ført til utslepp, og korleis avvik vart handsama
- Referat frå leiinga sin siste gjennomgang av internkontrollen
- Rapportar frå resipientgranskingar
- Kort historikk for lokaliteten (liste over alle miljøgranskingar, inkludert straumtilhøve på lokaliteten og større endringar i drifta)
- Alle MOM B- og MOM C-granskingar frå 2005 og fram til i dag